

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 4 - SEPTEMBER 2019
ÅRGANG 42



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsidedeilete:

Frå friluftsgudteneste ved Kidnavatnet 2. pinsedag.
Foto: Torbjørn Hovland



Den klåre morgonstjerna

Jesus har mange namn i Bibelen. Namna uttrykkjer forskjellige sider av hans person og gjerning. I den siste boka i Bibelen seier Jesus om seg sjølv: «Eg er Davids rotskot og ætt, den klåre morgonstjerna.»

Roald Drønen

Det er den himmelske Jesus som talar. Uttrykket «Davids rotskot» viser til Jesu som son av Maria, vår bror. «Den himmelske morgonstjerna» lyftar fram eit himmelske bilete av Jesus, til trøyst og håp.

Dei som ser den klåre morgonstjerna, har kanskje vaka i uro eller sorg. No bleiknar natta sin himmel, og lyset frå stjernene gjev tapt. Men framleis lyser ei stjerne over jorda, tydeleg og klår. Det er morgonstjerna. Stille sender den si helsing til jordas urolege born. «Det er framleis håp. Himmelen har noko godt i vente for den som har vaka gjennom nattas timar. Gje ikkje opp!

Anten vi kallar han Jesus, Frelsar, Menneskeson, Guds Lam eller Den klåra morgonstjerna, vil han høyra våre rop og bønner. Det dirrar ein streng av forventning i tiltalen av Jesus som den klåre morgonstjerna.

*Jesus, du klåre morgonstjerne,
kom med håp til alle
som er urolege og redde.
Gje også meg din fred!*

Under middagsbøna i det lille kapellet i sjømannskyrkja, kor dette var tema denne dagen, reiste ei lite jente seg, sprang på lette føter bort til far sin, og spurte ganske forsiktig om ho kunne få lov til å tenna eit av lysa i den store globen som stod ved altaret. Faren reiste seg og gjekk saman med jenta og fann eit lys som jenta fekk tenna og sette det i globen.

Den klåre morgonstjerna hadde tent eit lys i jenta som ho ville tenna for andre menneske ho hadde i tankane sine.



Redaksjonelt

Fitjar kyrkjekor framfører "Det gode landet"



Foto: Torbjørn Hovland

Jan Overweg

No har kyrkjekoret byrja å øva inn "Det gode landet" av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit. Me er ca 20 songarar i koret, men håper at fleire vil vera med på dette prosjektet. Det er ein spanande kyrkjemusikal med friske songar. Songar som lar oss få ana korleis det vil vera å koma til himmelen - det gode landet - og bli møtt av St. Peter og alle dei andre som alt er i det gode landet.

Ved framføringa i Fitjar kyrkje torsdag 7. november får me med oss Marianne Juvik Sæbø og Arne Kvarven som songsolistar. Ei gruppe barn vil også vera med på framføringa. Øvingane blir på onsdagar framover - frå kl. 19.30 - 21.30. Det er også sett av nokre timar laurdag 5. oktober og laurdag 2. november. Om du har lyst til å vera med, ta kontakt med Jan Overweg (901 97 069) eller Anne-Britt Tornes (959 10 701).

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 29. november til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 11. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Skaparverkets dag ved Kidnavatnet



Det har vorte ein fin og populær tradisjon å halde friluftsgudsteneste i Fitjarfjellet i pinsen, og andre pinsedag var me samla ved gapahuken ved Kidnavatnet for å markera Skaparverkets dag.

Torbjørn Hovland

Medan kyrkjelyden tok plass mellom lyng og bergnabbar, vart det klart at skaparverket hadde vist krefter. Sikringskapet var skamfore av lynnedslag, så medbrakt høgtalar og elektrisk piano var ubrukelege.

Men denne gongen møtte Tor med hammaren sin overmann i Tore Sigurd Fitjar med ATV og

bensinaggregat. Snart kunne dottera Turid Lambach Fitjar lesa preiketeksten, og kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre og sokneprest Roald Drønen preika om skaparverket og Skaparen som står bak det.

Etterpå var det kyrkjekaffi og lappar, og folk hadde det triveleg trass gråvær og regndrøpar.

Gudstenesta var i samarbeide med turlaget, og etter kyrkjekaffien kunne Ellen Vestbøstad invitera til tur til Beinattjønnsvarden. Det vart ein pinsedag som gjorde godt for både kropp og sjel.



Ein musikalsk fest i kyrkja



8. august var det opningskonsert for Fitjarfestivalen med Maria Arredondo, Torstein Sødal og pianist Øystein Lund Olafsen, som også er kantor i Bremnes kyrkje. Ute var det sol og varmt, inne i ei fullsett kyrkje var det publikum i alle aldrar og mange tilreisande som skulle få ein flott og mangfaldig kveld.

Torbjørn Hovland

Maria Arredondo er oppvaksen i Vennesla og har ei lang musikalsk merittliste. 6 plater, hovudrolle i musikalen «Sound of music», deltaking i norsk Melodi Grand Prix og samarbeide med mange kjende musistarar, deriblant Jon Lord frå Deep Purple. Ho har også bakgrunn frå Frikyrkja i Vennesla og har vore deltidsarbeidar i Heggedal kyrkje. Ektemannen Torstein Sødal har gitt ut plater, vore med i norsk Melodi Grand Prix, og i tillegg jobba med hjelpetiltak for funksjonshemma born.

Opningssongen var «Somewhere» frå musikalen «West Side story», ein forsmak på den musikkgleda som var undervegs. Så kom det songar av Lill Lindfors og Ole Paus, etterfølgt av eit assortert potpurri med kjent film-musikk. Maria kunne fortelja kor glad ho var for endeleg å få sjå Fitjar. Ei veninne i Vennesla hadde besteforeldre her, og tilbrakte sommerferiane

her i bygda. Fitjar framstod dermed som eit sommarparadis for ei sørlandsjente, som sjølv aldri hadde vore her.

Konserten var full av humor og varme, og publikum kunne på fleire nummer få syngja med, vera plystrekor eller imitera trompetar ved å halde seg for nasa medan dei song.

Maria Arredondo var nok det store trekkplasteret for konserten, men ektemannen imponerte stort med karismatisk og dynamisk stemmeprakt. Etter «O store Gud» var det nok gåsehud for mange, trass høg temperatur i kyrkja. Konserten vart avslutta med «Deg å få skode», og eit takksamd publikum kunne fulle av lovord gå ut i varm sommarkveld.

Men i mørke og kalde desember kjem dei tilbake for julekonsert saman med musikarane Christian Ingebrigtsen, Gaute Ormåsen og Tine Thing Helset. Det er berre å gle seg.



Festivalgudsteneste

På siste dag av Fitjarfestivalen kunne sokneprest Roald Drønen ynskja oss velkomen til gudsteneste i festivalteltet. Med lokale og dyktige musikarar Harald Rydland, Heine Heine Helland og Terje Træet var det god stemning medan regnet silte på telttaket.

Torbjørn Hovland

Tom Rydland var framifrå solist på fleire songar, deriblant postludiet «Somewhere over the rainbow». Og når denne klassikaren var avslutta, hadde regnet passende nok gitt seg.

Med dagens preiketekst om då Jesus metta 5000 med 5 brød og 2 fiskar, var det naturleg nok mange som nytta høvet til å kjøpa velsmakande søndagsmiddag etter gudstenesta.



I møte med døden

Er det mogleg å vera profesjonell i møte med døden? Er det slik at helsepersonell i norske sjukeheimar opplever å vera del av eit profesjonelt fellesskap når dei møter døydande pasientar? Og har helsearbeidarar med innvandrarbakgrunn ein annan måte å takla denne delen av kvardagen sin enn dei med norsk bakgrunn?

T: *Benedicte S. Meyer*

F: *Torbjørn Hovland*

Desse og fleire spørsmål har Marta Høyland Lavik stilt gjennom fleire forskingsprosjekt dei siste åra. Ho er professor i teologi og arbeider som forskar og sjukehusprest ved Universitetet i Stavanger, og har lenge jobba med spørsmål rundt døden og kva døden gjer med oss som menneske. I Fitjar kyrkje presenterte ho funn frå intervjuar ho hadde hatt med 16 personar som jobbar i norske sjukeheimar, men som sjølv har bakgrunn frå land utanfor Norden og Vest-Europa. Felles for desse var at dei kom frå samfunn der dei færraste døyr på institusjon. Tilhøyrarane fekk eit svært interessant innblikk i eit kulturelt og religiøst spenningsfelt. Mange av informantane kunne fortelja at sjølv innanfor helsevesenet er døden gjerne eit ikkje-tema når det kom til den åndelege eller religiøse sida ved den. Enten dei sjølv hadde kristen eller ikkje-kristen bakgrunn, opplevde dei i ganske stor grad at døden var noko ein helst unngjekk å ta opp, og dersom pasientane sjølv kom inn på temaet, mangla

personalet gjerne strategi og kompetanse på korleis møta dei.

Presentasjonen sette spor på mange vis, og det vart eit fint ordskifte etter foredraget, både blant samla publikum i kyrkjebenkane, og meir ufømtelt i etterkant. Sigrid Fangel bidro med dikt som vekte både smil og, og kan henda gjekk nokre av oss heim med ei god kjensle av at om døden er vond og uforståeleg, er det og rett og naturleg å møte den døydande med varme, humor og undring.

Takk til Marta Høyland Lavik som delte med oss noko av det ho har samla inn av kunnskap om menneske som møter døydande pasientar og deira pårørande i kvardagen sin.



ØVREBYGDA BEDEHUS

29.09.	1700	Kveldsmat for små og store Lise Marie T. Litlabø
05.10.	1600	Basar Israelsmisjonen
06.10.	1930	Søndagsmøte m/nattverd
13.10.	1930	Søndagsmøte
17.10.	1930	Kristen Muslimmisjon - Herdis Heimdal
20.10.	1930	Søndagsmøte
27.10.	1930	Søndagsmøte
19.10.	1800	Barnespelnight
30.10.-03.11.	1930	Møteveke IMS - Kåre Johan Hamre (ikkje laurdag)
05.11.	1800	Basar Misjonselskapet
10.11.	1700	Kveldsmat for små og store - Grethe Myhre
15.11.	1930	Israelsmisjonen - Ellen Raen
17.11.	1930	Song- og musikk møte Frelsesarmeen v/Else Marit og Terje
23.11.		Julemesse for Normisjon (skulen)
24.11.	1930	Song- og musikk møte v/Harald Rydland
01.12.	1100	Adventsfrukost
08.12.	1930	Søndagsmøte m/nattverd



Gudsteneste med 50-årskonfirmantar



4-årsbok, Lys Vaken og adventssamling

Denne hausten er det fleire samlingar for barn i kyrkja. I slutten av denne månaden er det klart for 4-åringane. Me inviterer alle som blir 4-år i år til å komme i kyrkja laurdag 28. september til å bli litt meir kjent med kyrkja si. Dagen etter er det familiegudsteneste der me deler ut kyrkjeboka mi til alle som er 4 år.

Randi Lønning Matre

I midten av november, i den kalde og mørke tida, samlar me alle som er 11 år til ei varm og lys kyrkje. Her skal me bli enda betre kjent med kyrkja. Det blir god mat, leik og forteljing frå bibelen. Det mest spennande av alt er at me skal sove i kyrkja. Søndag 17. november er det familiegudsteneste, der alle er inviterte til å være med.

I den travle førjulstid ynskjer me velkommen til ei samling for dei som er 2 og 3 år i saman med ein vaksen. Ei adventssamling med koselig songstund, hobbyaktivitet og kvelds. Sett av datoen allereie no, og gle dykk til å være med å pynt vårt vesle juletre 11. desember.

Me sender ut invitasjonar til alle som er medlemmer i kyrkja. Men alle som er i rett målgruppe er alltid velkomne, anten dei er medlemer eller ikkje.



Brødrene Rydland til topps

Harald Rydland (KrF) fekk flest røyster ved kommunevalet i Fitjar, og Tom Rydland fekk flest røyster i soknerådsvalet.

Soknerådsvalet vart slik:

1. Tom Rydland
2. Anne Marie Røed
3. Herman I. Aadland
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Sigrid Marie Fangel
6. Wenche Andersen Helland
7. Svein Lunde
8. Åse Rygg Heskestad Nøttveit
9. Jostein Skram
10. Karin Maria Korsvik
11. Magnor Tverderøy
12. Hilda Gloppen
13. Jan Ottar Wiik

Dei 8 første er faste medlemar og dei 5 neste er vara.

Vår Jul 2019

Christian Ingebrigtsen, Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen og Tine Thing Helseth inviterer deg inn i sitt musikalske univers.

Menyen er skreddersydd for deg som vil senke skuldrene og fylles av julegleder. Til lyden av klangfulle melodilinjer fra artistene, trompetspill i verdensklasse i harmoni med ekte, nær og lun historiefortelling, serveres du de deiligste retter: Fra de nære, norske julesangene til vakre ballader ikledd mektige melodier.

Kapellmester:
Øystein Lund Olafsen

Hjertelig velkommen til Vår jul!



Spennande lunsj-seminar

kyrkja/næringslivet
torsdag 31. okt. kl. 11 - 14
HVL - campus Stord

Tema:
Omstilling - ei bærekraftig
framtid

Påmelding: kyrkjekontoret

BALD AND BEAUTIFUL PRODUCTIONS AS PRESENTERER

TORSTEIN SØDAL MARIA ARREDONDO CHRISTIAN INGEBRIGTSEN TINE THING HELSETH GAUTE ORMÅSEN

Vår Jul

Fitjar kyrkje, Stord
6. desember kl. 21:30
Billetter kr. 465/290 inkl. avgift

Kapellmester: Øystein Lund Olafsen. Billetter kjøpes på Soknemester og ved inngangen

Temakvelder
i Fitjar kyrkje
hausten 2019



26. september kl.
19.30

Konsert med
Sondre Bratland og
Iver Kleive



31. oktober kl. 19.30

Per Arne Dahl
"Sårbarhetens kraft og
risiko"



07. november

Fitjar kyrkjekor m.fl.
Musikalen
"Det gode landet"
Eyvind Skeie /
Sigvald Tveit
solistar:
Arne Kvarven og
Marianne Juvik Sæbø

arr.: temakveldgruppa/
soknerådet



Den gode Hyrding




Denne hausten starta med samling for 5-åringane i kyrkja. Der hørde me om sauene som hadde gått seg bort.

Om ein av dykk har hundre sauer og mistar éin av dei, lèt han ikkje då dei nittini vera att ute i øydemarka og går av stad og leitar etter den bortkomne sauene til han finn han? Og når han har funne han, blir han glad og tek han på akslene sine.

Luk. 15, 4-5

Sau på villspor

Her er ein sau på villspor. Kan du hjelpe gjetaren å finne veien han må gå for å redde sauene?



*Her går en trofast gjeter
og teller sine lam,
:/:men hvor er nummer hundre
som fulgte ut med han.:/:*

*Så går han ut og leter,
Han søker dagen lang.
:/:Hvor skal jeg finne lammet
som var hos meg engang.:/:*

*Her går den glade gjete
som fant sitt lille lam.
:/: Hans venner ser han komme
Og gleder seg med han. :/:*

*Jeg kjenner en som gjeter'n,
Han elsker sine små.
:/:Hans navn er Jesus Kristus,
til ham vår takk skal gå.:/:*

Norsk Salmebok nr 783



Foto: Else Storaas
Vatne, NMS

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. I Mali bur det omkring 20 millionar menneske, og ca 3 millionar av desse er fulaniera. Berre eit par hundre av desse er kristne, og difor kom NMS hit i 1986 med mål om å nå ut med evangeliet til fulaniane. Fulaniane er eit nomadefolk med ein stolt tradisjon, og ein har fokus på Jesu ord her må bli formidla på ein måte som ligg nær tradisjonen deira. Ein del av arbeidet handlar om landsbyutvikling og kampen mot omskjering.

Stina Margrete Aandreaa Neergård/Helga Rimmereid

Til tross for store sikkerheitsutfordringar i kvardagen er Gabdo full av håp når det gjeld kampen mot kjønnslemlesting i Mali. Gabdo har sidan 2015 vore koordinator og leiar for PDRM, som er misjonen sitt landsbyutviklingsprosjekt i Mali.

- Me er 14 tilsette, sju kvinner og sju menn, fortel Gabdo, og målet for arbeidet vårt er å stoppa praksisen med kjønnslemlesting av jenter, og i tillegg vil me hjelpa landsbyar med å etablere spare- og lånegrupper for ungdom og kvinner.

Sikkerheitssituasjonen i Mali er blitt veldig krevjande, og terrorisme og høg kriminalitet gjer det farleg å bevega seg i Mopti-regionen der prosjektet held til.

- Me har måtte trekkja oss ut av 60 landsbyar der me jobba tidlegare. Men i staden har me etablert nytt arbeid i 35 andre landsbyar, fortel Gabdo.

På spørsmål om ho er redd når ho reiser rundt, svarer Gabdo:

- Nei, eg er ikkje redd. Til no har eg aldri hamna

i nokon farleg situasjon. Eg veit kvar eg kan dra for tid, og me er som regel invitert og ønska dit me drar.

Arbeidet går framover. I 2018 var det tre nye landsbyar som forplikta seg til å slutta med kjønnslemlesting av jenter.

- Eg må innrømme at då eg starta i denne jobben trudde eg eigentleg ikkje at kampen mot kjønnslemlesting kunne vinnast. Men no trur eg at me kjem til å klara det. Eg vil faktisk sei at me er i ferd med å vinna, fortel Gabdo begeistra.

-Det seier eg fordi me ser at fleire og fleire engasjerer seg. Landsbyar kontaktar oss og ber oss koma. Dei religiøse leiarane er tydelege på at kjønnslemlesting ikkje har noko med religion å gjera.

Gabdo er og begeistra for dei mange spare- og lånegruppene som er blitt etablert blant kvinner og ungdomar i landsbyane, og synes det aller beste med desse gruppene er at kvinner blir meir økonomisk sjølvstendige og får meir sjølvtilitt.

- I foreldregenerasjonen vår var det ikkje vanleg at kvinner sa si meining. Eg synes det er flott å sjå at kvinner tar ordet og er blitt meir respektert i landsbyane. No tar dei den plassen dei har rett til å ha. Eg meiner det er rett å sei at landbyutviklingsprosjektet vårt har bidratt til det.

Så langt i år har Fitjar kyrkjelyd samla inn 34 064,- til misjonsprosjektet i Mali. Neste gong det vert kollekt til prosjektet er under gudstenesta i kyrkja 1. juledag. Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til konotr 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

Ynskjer du eit gratisabonnement på NMS sitt misjonsblad Misjonstidende, som finnes både i papirutgåve og lydutgåve, kan du ta kontakt med NMS på telefon 51 51 61 00.

«Bli med. No er det hennar tur»

Søndag 20. oktober er det dukka for nok ein TV-aksjon. Nok ein gong skal 100 000 bøsseberarar ut å banka på ein million dørar, og dermed gå årets viktigaste søndagstur. Ein slik dugnad ville ikkje vore mogeleg utan alle tusenvis av frivillige som står på vekene, og for nokre; månadane, i forkant av aksjonen. Dei frivillige mobiliserer og spreier viktig informasjon og kunnskap i alle sine kanalar. Alt dette gjer at TV-aksjonen er samlande. Aksjonen engasjerer og rører det norske folk. Det er ein søndag i året der me løfter i flokk, der fellesskap og solidaritet står sterkt.

I år er det CARE som er tildelt TV-aksjonen. CARE som har utspring etter andre verdskrig, og som blant anna sende 300 000 naudpakker til Noreg i etterkrigstida. Pakker som inneheld nødvendige gode til eit land som ikkje var i den tilstanden me kjenner landet i moderne tid. No er CARE meir kjent som ei av verdas største hjelpeorganisasjonar. Organisasjonen arbeider både med akutt naudhjelp og langsiktige prosjekt. Dei arbeider med å avgrensa fattigdom og naud. Først og fremst ved å løfta nokre av dei som er hardest råka av dette; kvinnene.

For det er dessverre slik, at framleis så har 155 land lover som set grenser for fridomen og moglegheitene til kvinner, som mellom anna forbyr kvinner å arbeida utan samtykke frå mannen. Framleis så blir 15 millionar jenter under 18 år gifta vekk - kvart år. Framleis så dør altfor mange kvinner av komplikasjonar i samband med graviditet og fødsel, næmare bestemt 830 kvinner kvar einaste dag. Dei fleste av tilfella kunne ha vore unngått dersom ein hadde hatt betre tilgang til helsetenester.

Midlane som blir samla inn under TV-aksjonen i år, skal gå til nettopp dette. Det skal gje kvinner moglegheit til å tena sine egne pengar. Kvinner skal ha rett til å bestemma over sin eigen kropp – til og seia ja og til å seia nei. Og kvinner skal få si røyst høyrd, og delta i avgjersler som vedkjem dei sjølve. Får kvinner



Begge foto: Care Norge/ NRK TV-aksjonen

arbeida, bestemma over eigen kropp og bruka si eiga røyst, så vil det bli mindre svolt, mindre fattigdom, mindre vald - og meir rettferd. Dersom kvinner får moglegheita, vil det bety store skilnadar – både for dei sjølve, for familiane, lokalsamfunna - og for verda.

TV-aksjonen CARE, treng nettopp deg til å bli med. Til å bli med på det store felles, nasjonale løftet me gjer 20. oktober, og til å bli med på å skapa betre moglegheit og større rettferd for kvinner i nokre av verdas mest sårbare land. - No er det hennas tur!



SØNDAGSSKULE

på **Fitjar bedehus kl. 11.00** til vel kl. 12
dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja
(For alle frå ca 3 år og oppover til 8. Klasse)

Hausten 2019:

- 01.09 Søndagsskulens dag på Årskog museum
- 08.09 Søndagsskule
- 15.09 Søndagsskule
- 22.09 Søndagsskule
- 29.09 Familiegudsteneste
- 06.10 Haustferie – ikkje søndagsskule
- 13.10 Søndagsskule
- 20.10 Søndagsskule
- 25.10 Kveldssamling for 4.-8. Klasse kl. 17.30- Ca 19
- 27.10 Familiegudsteneste
- 03.11 Søndagsskule
- 10.11 Søndagsskule
- 17.11 Familiegudsteneste
- 24.11 Søndagsskule
- 01.12 Adventsfrukost kl. 11.00
- 29.12 Julefest kl. 16.00



VELKOMEN !

Arr.: Fitjar søndagsskule

Følg oss gjerne på facebook for påminningar og ferske oppdateringar ☺

FITJAR BEDEHUS

- 22.09. 1930 Søndagsmøte
- 25.09. 1930 Nattverdmøte
- 29.09. 1930 Søndagsmøte
- 02.10. 1800 Basar NMS
- 06.10. 1930 Søndagsmøte - Ola Malvin Lomheim
- 08.-10.10. 1930 Kristen Muslimmisjon - Eivind Flå
- 13.10. 1930 Søndagsmøte m/forbønsstund
- 19.10. 1800 Barnegospelnight
- 20.10. 1600 Søndagsmøte - Kenneth Foss
- 25.-27.10 Bibeltimemelag - Asbjørn Handeland
- 30.10.-03.11. Møteserie NLM - Steinar Harestad
- 10.11. 1930 Israelsmisjonen - Odd Bj. Skogestad
- 12.-14.11. 1930 Møteserie - Aud Karin K. Ringvoll
- 17.11. 1930 Søndagsmøte m/forbønsstund
- 20.11. 1930 Nattverdmøte
- 24.11. 1930 Familiemøte - Toralf Steinsland
- 30.11. Julemesse
- 01.12. 1100 Adventsfrukost



Sjå òg www.fitjar-bedehus.no

SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus tysdagar kl. 10.30 - 12.00

* songstund * nistemåltid * leik og drøs

Datoar hausten 2019:

3/9, 17/9,
1/10, 15/10, 29/10,
12/11, 26/11,
10/12

Ta med niste, kopp
og tøflar.
Me serverer kaffi,
te og saft.

Inga betaling eller påmelding !

VELKOMEN !

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff

«Song er like viktig for helse
som kosthald og trening.»
Lege og muskar Audun Myskja

Arr: Fitjar sokneråd



BABYSONGKURS

På Fitjar bedehus tysdagar kl. 10.30 - 12.00

For babyar mellom 0 og 12 månader
saman med ein vaksen

* songstund * nistemåltid * leik og drøs

Datoar hausten 2019:

3/9, 17/9, 1/10, 15/10, 29/10, 12/11, 26/11, 10/12

Etter songstunda vert det felles nistemåltid. Me serverer kaffi, te og saft. Ta med niste, kopp, gulpeklut og tøflar.

Pris kr. 150,- Påmelding innan torsdag 29. august i
Påmelding og evt. spørsmål kan rettast til Helga Rimmereid tlf.
975 28 001 eller Astrid K. Prestebø 976 25 833. Påmelding må innehalda
namn og alder på barnet og namn på den vaksne.

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff

VELKOMEN !!

«En kosstund med gode, gamle
sanger setter varige og verdifulle
spor hos små og store»
Mari Maurstad

Arr: Fitjar sokneråd



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

VAREHUSET *Velkommen til ein trivselig handel på Fitjar*

RYDLAND  

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09 www.rydland.as post@rydland.as

Hår loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre, 9-16
Ons, tors, 9-18
Laur (kun drop-in) .. 10-13

Fiks frisyren hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72

G **GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

 **Engesund**
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950

FRS
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:
975 02381

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

Interflora | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

 **FINERO**
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no/>

SPAR



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalvøid 27, 5410 Fitjar
Telefon: 51 49 90 90, baatbyggeri@kvernenesbaat.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiken

**Kom: Norsk Tipping
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**
Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

**Vågen's kro
og catering**

48 04 19 09



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarveien 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døpte:

23.06.

Selena Vestbøstad

30.06.

Simon Tislavoll

28.07.

Ragna Vik

04.08.

Martin Vaka Nerhus

18.08.

Trym Valvatna

08.09.

Oliver Dagsland Rimmereid

Vigde:

29.06.

Tonje Gerhardsen og
Olaus Trygve Bjuland

20.07.

Lillian Irene Skår-Nilsen og
Ronald Skår

27.07.

Kristi Rydland og
Lars Martin Jakobsen

17.08.

Kristine Vik og
Frank Østrem

Jordfeste:

Gunvald Skålevik

f: 02.12.1925 - d: 31.05.2019

John Abotnes

f: 21.07.1944 - d: 07.06.2019

Audhild Helga Prestbø

f: 15.04.1939 - d: 09.06.2019

Bjarne Kolbjørn Fjugstad

f: 31.08.1922 - d: 16.06.2019

Laura Hardeland

f: 21.10.1926 - d: 17.06.2019

Torvald Gjertin Ingebrigtsen

f: 18.05.1935 - d: 29.06.2019

Malvin Gustav Lønning

f: 29.06.1930 - d: 05.07.2019

Toralf Andreas Torvund

f: 02.11.1924 - d: 13.07.2019



Rolf Røyrøy

f: 06.06.1930 - d: 22.07.2019

Ingrid Gerhardsen

f: 01.04.1926 - d: 25.07.2019

Petter Andreas Hoff

f: 05.09.1945 - d: 29.07.2019

Marta Hauge

f: 10.03.1924 - d: 01.08.2019

Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer formål
22.09.	11:00		Pål Dale	Jan Overweg	Norea Mediamisjon
29.09.	11:00	Familiegudst, 4-årsbok	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
06.10.	11:00		Sven Harald Nilsen	Jan Overweg	Israelsmisjonen
13.10.	11:00		Roald Drønen	Jan Overweg	Søndagskulekrinsen
17.10.	19:30	Ønskesalmekveld			
20.10.	11:00		Herman I. Aadland	Jan Overweg	TV-aksjonen til "Care"
27.10.	11:00	Familiegudst. hausttakkefest	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
03.11.	11:00	Minning av dei døde siste år	Roald Drønen	Jan Overweg	Fitjar diakoninemnd
10.11.	11:00		Roald Drønen	Jan Overweg	Menighetsfakultetet
17.11.	11:00	Familiegudst. LysVaken	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
24.11.	11:00		Vikar	Jan Overweg	Misjonssk. Gå Ut Senteret
01.12.	11:00	Familiegudsteneste Osterneset	Roald Drønen		Osternes bedehus
	19:00	Lysmesse	Roald Drønen	Jan Overweg	Ungdomsarbeidet i Fitjar
08.12.	11:00		Roald Drønen	Jan Overweg	Korsvei